



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Eikum Hotell, Hafslo

Møtedato: 17.06.2016

Tid: 09:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930 Ordførar Ivar Kvalen ønskjer velkomen til Luster kommune
Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 12.5.2016
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1030 Visit Sognefjord – status og planar
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug
- 1100 Pause
- 1115 Regionale bustadstrategiar i Sogn
Prosjektleiar Arne Kringlen, Norconsult AS
- 1200 Lunsj

SIMAS IKS held representantskapsmøte frå kl 1300

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
13/16	16/1581-7 Nasjonal transportplan 2018 - 2029 - fråsegn
14/16	16/2928-1 Revidert budsjett 2016
15/16	16/482-5 Orienteringssaker i Sogn regionråd

Sogndal, 6.6.2016

Petter Sortland
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland	Arkiv: F11 &13
Arkivsak: 16/1581	

Saksnr.: Utval	Møtedato
13/16 Sogn regionråd	17.06.2016

Sak 13/16**Nasjonal transportplan 2018 - 2029 - fråsegn****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn til grunnlagsdokumentet for Nasjonal transportplan 2018-2029:

Hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet:

Sogn regionråd støttar regjeringa sin langsiktige utviklingsstrategi med to hovudsamband mellom aust og vest. Statens vegvesen si klare anbefaling er tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av rv 52 Hemsedalsfjellet, med tilkopling av rv 5 og ferjefritt samband Mannheller-Fodnes.

Det er store regionale effektar ved å velja eit hovudsamband over Hemsedal med arm til rv 5. Hovudsambandet er eit godt alternativ for trafikk frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med kopling til E 39. Rv 134 som den eine traséen og rv 52/rv5 som den andre traséen vil sikra at dei to hovudsambanda tener heile Vestlandet.

Det vert lagt til grunn at E16 over Filefjell vert fullført som planlagt og at nødvendige utbetringar på E16 gjennom Valdres vert utført.

Vikafjellstunnelen:

Vikafjellstunnelen er prioritert i gjeldande NTP 2014-2023, men er ikkje med i transportetatane sitt grunnlagsdokument. Sogn regionråd meiner rv 13 Vikafjellstunnelen må bli prioritert i NTP 2018-2029, med investeringsmidlar i første del av planperioden. Vegen er klar til oppstart i høve overordna planar.

Rv 13 er eit indre nord-sør samband og ei ferdselsåre som bind kommunane i midtre Sogn saman med Voss og Bergen.

Fjellovergangen over Vikafjellet er definert som heilårsopen, men er den mest vinterstengde riksvegen i Noreg. Strekninga har dårleg vegstandard, er rasutsett og har høg fjellsparti som er utsett om vinteren.

Tunnel er einaste løysing for å få sikker heilårsveg over Vikafjellet og vil fjerne mange krevjande raspunkt. Tunnelen vil gje ei innkorting på 8,5 kilometer og kombinert med sikker vinterveg vil dette kunne føre til vesentleg trafikkauke. Rassikringstiltaka på rv 13 Vik-Vangsnes og i Kvasdalen med bruk av masser gir rasjonell utbygging av Vikafjellstunnelen.

Tunnelen vil gje sikker og nødvendig beredskapsveg som omkøyingsveg både for E16 og E39.

Sognefjellstunnelane:

Sognefjellstunnelane vil gje det kortaste ferjefrie heilårssambandet frå Stavanger/Bergen til Trondheim. Sogn regionråd meiner det bør utarbeidast ei konseptvalutgreiing for prosjektet.

Rassikringsmidlar

Sogn regionråd meiner rammene til rassikringsmidlar til riks- og fylkesvegnettet må aukast. Øyremerka midlar til rassikring må stå i forhold til behovet som er kartlagt av Nasjonal rassikringsgruppe. Sogn regionråd støttar kravet frå rassikringsgruppa om at det offentlege vegnettet skal vera sikra mot skred innan 2030.

Samfunnsøkonomisk lønsemd

Prosjekta i plangrunnlaget er rangert utifrå berekna netto nytte pr budsjettkrone. Dette sterke fokuset på samfunnsøkonomisk lønsemd og trafikktal gjer at viktige samferdsleprosjekt i distrikta får dårleg utteljing. Samferdsle skal vera eit verkemiddel for å styrka bu- og arbeidsmarknadsregionar og fremje næringsutvikling i heile landet, og dette bør bli fanga opp i vurdering av prosjekta i komande NTP.

Vedlegg:

Grunnlagsdokument for Nasjonal Transportplan 2018-2029

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Nasjonal transportplan beskriv mål og prinsipp som regjeringa legg til grunn for sin transportpolitikk. Planen gjeld i ti år og blir revidert kvart fjerde år.

Transportetatane og Avinor sitt grunnlagsdokument vart lagt fram 29.2.2016 og sendt på høyring med frist 1. juli 2016.

Grunnlagsdokumentet utgjer dei samla faglege anbefalingane og vurderingar frå transportetatane. Etatane er blitt bedne om å leggja til grunn fire alternative økonomiske rammer. Tiltaka er prioritert og fordelt etter samfunnsøkonomiske vurderingar og prinsipp.

Det vart sendt innspel til fylkeskommunen. Fylkestinget handsamar høyringsuttale i junimøte. I samsvar med handlingsplanen for samferdsle skal rådet senda fråsegn til departementet.

Vurdering:

Samferdsleplanen som rådet vedtok i februar i år legg grunnlag for Sogn regionråd sine fråsegner til nasjonal transportplan.

Samferdslegruppa drøfta strategiar og prioriteringar i møte 7. mars og tilrår at rådet prioriterer desse tre vegprosjekta i NTP-arbeidet: Aust-vestsamband, Vikafjellstunnelen og Sognefjellstunnelane (KVU).

Rådet sitt innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune vart handsama i førre møte. I samsvar med samferdslegruppa sine tilrådingar prioriterte rådet tre prosjekt i innspelet: Aust-vest samband, Vikafjellstunnelen og Sognefjellstunnelane. Innspelet omtalte også auka rammer til rassikring og fokuset på samfunnsøkonomisk lønsemd.

Framlegg til fråsegn til departementet blir lagt fram for handsaming i dette møtet.

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/2928

Arkiv: 150

Saksnr.: Utval
14/16 Sogn regionråd

Møtedato
17.06.2016

Sak 14/16

Revidert budsjett 2016

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2016 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til revidert budsjett for 2016

Saksutgreiing:

Budsjett for 2016 vart vedteke i Sogn regionråd 4.12.2015. Det er framlegg om følgjande endringar i høve vedteke budsjett:

- RUP-midlar: kr 30 000 er flytta frå frie midlar til utvida oppdrag knytta til utgreiing av rutetilbod.
- Kommunereforma: Midlar som var sett av i budsjettet er fordelt til konsulenttenester/prosesserleing og til administrasjonen for koordinering og tilrettelegging i høve utgreiings- og intensjonsavtalearbeidet.
- Kommunenet: Det var avsett midlar i påvente av avgjer i rådmannsgruppa i høve redundans. Rådmannsgruppa ønskjer ikkje løysinga og dette gir reduserte utgifter for kommunane.
- GIS-løysing: I den nye avtalen med fylkeskommunen vart utgiftene auka. Rådmannsgruppa er informert om dette. Samla er det nedgang med kr 45 000 for kommunenet og GIS-løysing.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er 6 407 000. Kontingent er redusert med kr 100 000 til kr 3 318 000. Det er elles budsjettert med eksterne inntekter kr 1 209 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 780 000.

Framlegg til revidert budsjett for 2016 følgjer vedlagt.

Vedlegg

Revidert budsjett 2016 - framlegg

		Budsjett 2016	Revidert budsjett 2016
7501 Sekretariat			
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	760 000	660 000
11002	Abonnement	2 000	2 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11300	Telefonutgifter	5 000	5 000
11401	Andre annonser	4 000	4 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
12900	Husleige, PC, arkiv mv (Internkjøp	258 000	258 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 067 000	-967 000
		0	0
7502 Drift råd			0
11151	Servering	50 000	50 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
7503 Rådmann			0
11151	Servering	20 000	20 000
11500	Kurs og konferanser	0	0
17500	Refusjon frå andre kommunar	-20 000	-20 000
		0	0
7510 Kommunenett *			0
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 238 000	1 060 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 214 000	-1 036 000
17750	Refusjon frå IKS	-24 000	-24 000
		0	0
0		0	0
7511 IKT	0	0	0
11151	Servering	2 000	2 000
11953	Kontigentar og medlemsskap	9 000	9 000
17500	Refusjon frå andre kommuna	-11 000	-11 000
		0	0

7512 GIS-koordinator		0	0	0
10100	Lønsutgifter		0	0
11300	Telefonutgifter		7 000	7 000
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift		0	0
11151	Servering		5 000	5 000
11500	Kurs og konferanser		30 000	30 000
12002	Data- og kommunikasjonsutstyr		0	0
12900	Intern kjøp		5 000	5 000
14500	Overføring til Vik kommune		787 000	787 000
13500	Kjøp av tenester frå andre kommunar			0
17500	Refusjon frå andre kommunar		-763 000	-763 000
17750	Refusjon frå IKS		-71 000	-71 000
			0	0
7513 GIS-løysing *		0		0
11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift		498 000	673 000
17500	Refusjon frå andre kommunar		-420 000	-563 000
17750	Refusjon frå IKS		-78 000	-110 000
0			0	0
0				0
7520 Psykisk helse		0		0
14700	Overføring til andre		200 000	200 000
19500	Bruk av bundne fond		-200 000	-200 000
			0	0
0				0
7521 Psykologar folkehelse		0	0	0
18106	Statstilskot		-200 000	-200 000
14500	Overføring til Sogndal kommune		960 000	960 000
19500	Bruk av bundne fond		-760 000	-760 000
			0	0
				0
7550 RUP		0	0	0
10300	Løn stillingar inkl. sosiale utgifter		170 000	170 000
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg. pliktig		120 000	150 000
11500	Kurs og konferanse		50 000	50 000
14900	Avsetjing til seinare fordeling - kun budsjett		140 000	110 000
17500	Refusjon frå andre kommunar		-175 000	-175 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen		-245 000	-245 000
19500	Bruk av bundne fond		-60 000	-60 000
0			0	0

Reiseliv			0
14700	Overføring til andre (private)	240 000	240 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-150 000	-150 000
19500	Bruk av bundne fond	-90 000	-90 000
		0	0
7555 Rekruttering	0	0	0
14700	Overføring til andre (private)	150 000	150 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	0	0
19500	Bruk av bundne fond	-70 000	-70 000
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-80 000	-80 000
0		0	0
0			0
7557 Ungdom	0	0	0
11500	Kurs og konferansar	20 000	20 000
15500	Avsetjing til bundne fond	0	0
17500	Refusjon frå andre kommunar	0	0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	0	0
19500	Bruk av bundne fond	-20 000	-20 000
0		0	0
7558 Bhg-skulesamarbeid adm	0		0
10100	Løn faste stillingar inkl. sosiale utgifter	835 000	835 000
11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
11151	Servering	0	0
11209	Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	15 000
12002	Datautstyr /programvare	5 000	5 000
12900	Intern kjøp (husleige)	97 000	97 000
17500	Refusjon frå andre kommunar	-977 000	-977 000
18900	Overføring frå andre (private)	-5 000	-5 000
19500	Bruk av bundne fond	0	0
		0	0

7560 Entreprenørskap		0	0	0
11500	Kurs og konferanser		120 000	120 000
11703	Anna persontransport		80 000	80 000
12700	Konsulentonorar, ikkje oppg.pl.		50 000	50 000
14700	Overføring til andre (private)		0	0
15500	Avsetjing til bundne fond		0	0
17500	Refusjon frå kommunar		-25 000	-25 000
18500	Overføring frå kommunar		-40 000	-40 000
18106	Statstilskot			0
18300	Overføring frå fylkeskommunen		-75 000	-75 000
18900	Overføring frå andre (private)		-40 000	-40 000
19500	Bruk av bundne fond		-70 000	-70 000
0			0	0
7561 Skule Fagnettverk				0
14500	Overføring til andre kommunar		185 000	185 000
17500	Refusjon frå kommunar		-95 000	-95 000
19500	Bruk av bundne fond		-90 000	-90 000
			0	0
				0
7563 Barnehage				0
11500	Kurs og konferansar		288 000	288 000
14700	Overføring til andre		15 000	15 000
18106	Statstilskot		-303 000	-303 000
			0	0
				0
7568 Utviklingsretteiar				0
11003	Faglitteratur og kartverk		3 000	3 000
11500	Kurs og konferanser		15 000	15 000
11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)		45 000	45 000
14500	Overføring til andre kommunar		132 000	132 000
17500	Refusjon frå kommunar		-195 000	-195 000
			0	0
7580 Kommunereforma				0
10100	Løn stillingar inkl. sosiale utgifter			100 000
12700	Konsulenttenester			310 000
11500	Kurs og konferansar		50 000	10 000
19500	Bruk av bundne fond		-420 000	-420 000
			0	0

Kontingent for kommunane 2016

Kommune	Folketal 01.01.16	Fast del	Variabel del	Kontingent 2016	Kontingent 2015
Aurland	1 764	184 333	89 580	273 913	274385
Balestrand	1 294	184 333	65 712	250 045	253333
Høyanger	4 161	184 333	211 304	395 638	401418
Leikanger	2 298	184 333	116 697	301 031	302849
Luster	5 093	184 333	258 633	442 967	448052
Lærdal	2 172	184 333	110 299	294 632	298011
Vik	2 689	184 333	136 553	320 886	324468
Sogndal	7 839	184 333	398 081	582 414	578482
Årdal	5 359	184 333	272 141	456 475	469001
Totalt	32 669	1 659 000	1 659 000	3 318 000	3 350 000

Kostnadsfordeling kommunenett for 2016

Kommune	Folketal 01.01.16	Fast del	Variabel del	Sum for 2016	Sum 2015
Aurland	1 764	64 750	32 052	96 802	113 066
Balestrand	1 294	64 750	23 512	88 262	103 779
Leikanger	2 298	64 750	41 755	106 505	124 579
Luster	5 093	64 750	92 542	157 292	185 394
Lærdal	2 172	64 750	39 466	104 216	121 797
Vik	2 689	64 750	48 860	113 610	133 181
Sogndal	7 839	64 750	142 437	207 187	240 154
Årdal	5 359	64 750	97 375	162 125	192 049
Totalt	28 508	518 000	518 000	1 036 000	1 214 000

Kostnadsfordeling drift av GIS-løysing 2016

Kommune	Folketal 01.01.16	Fast del	Variabel del	Sum for 2016	Sum 2015
Aurland	1 764	34 563	17 109	51 672	39 117
Balestrand	1 294	34 563	12 551	47 113	35 904
Leikanger	2 298	34 563	22 288	56 851	43 100
Luster	5 093	34 563	49 397	83 960	64 140
Lærdal	2 172	34 563	21 066	55 629	42 137
Vik	2 689	34 563	26 081	60 643	46 076
Sogndal	7 839	34 563	76 031	110 593	83 085
Årdal	5 359	34 563	51 977	86 540	66 442
Totalt	28 508	276 500	276 500	553 000	420 000

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/482

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
15/16 Sogn regionråd

Møtedato
17.06.2016

Sak 15/16

Orienteringssaker i Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjon
 - System for styrka læring:
 - Rapport frå entreprenørskapsmessa i Årdal 12.5.2016 (vedlagt)
 - Plan for psykisk helse og trivsel
 - Regionalplan for Sogn regionråd – evaluering av gjeldande plan og arbeidet med ny plan
6. Visit Sognefjord - status og planar
Reiselivsdirektør Ståle Brandshaug
7. Regionale bustadstrategiar i Sogn
Prosjektleiar Arne Kringlen, Norconsult

Skriv og meldingar

1. Energimeldinga – fråsegn til energi- og miljøkomiteen, 31.5.2016



Til: Sogn regionråd, orienteringssak til møtet 17.06.2016
Frå: Claus Røynesdal, programleiar System for styrka læring
Dato: 02.06.2016
Sak: Evalueringsrapport for entreprenørskapsmessa i Årdal 12. mai 2016

Bakgrunn

Sogn regionråd og stiftinga Ungt Entreprenørskap arrangerar kvar vår ei omfattande entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i regionen. Sogn regionråd er fagleg og økonomisk ansvarleg for messa. Første messe var i Balestrand i 2009, medan Årdal var vertskommune 12. mai i år. Høyanger er vertskommune 4. mai 2017.

Hovudkonklusjon

Alle dei 13 deltakande ungdomsskulane har levert inn skrifleg evalueringsrapport. Arbeidsgruppa for sjølve messa hadde eit avsluttande evalueringsmøte 26. mai. Vi har god dekning for å seie at årets messe både var særst vellukka og solid. Dei andre konklusjonane som peikar seg ut er:

1. Sterkt lokalt eigarskap til messa. Årdal kommune, Årdal utvikling og Sogn opplæringskontor bidrog sterkt, både i forkant og under sjølve messa. Dei to skulane stilte med rektor Jan Kåre Stedje, inspektør Øyvind Heggheim, rektor Per Kristian Pedersen og rådgjevar Rigmor Skrede på alle møta og under heile prosessen. Jorunn Nilssen frå Årdal utvikling og Anne Kauppi frå Sogn opplæringskontor var avgjerande gode støttespelarar i arbeidet. Det var ei solid forankring og godt førearbeid frå vertskommune.
2. Det vart ei god raud tråd frå fagnettverk i entreprenørskap som vart arrangert i Årdal 16.09.15 og fram til vel gjennomført messa.
3. Messa i Årdal var den mest kompliserte vi har gjennomført. Det var 180 elevar som hadde intertransport med buss til og frå bedriftsbesøka under messa. Dette var også den messa der vi for første gong hadde ungdom i alle dei viktige posisjonane; konferansierar, musikk og underhaldning og som føredragshaldarar til plenumsføredraget.
4. Årdal vidaregåande skule skal ha stor takk for fleksibilitet med "avhending" av ungdommar til jury, førelesning, musikk og konferansierar.
5. Denne gong gjekk vi frå tre til seks premiekategoriar. I år vart det fem ulike skular som vann ein kategori. Fleire elevar kunne difor reise heim til eigen skule med den ekstra gode opplevinga. Premie i år vart diplom i ramme, samt pizzafest til dei klassane som hadde vinnarbedrifter. Då premierar og styrkar vi det kollektive arbeidet.

6. Facebook. Farnes skule tok initiativ til og gjennomførte sjølv arbeidet med å byggje opp og drifte ei eigen side på Facebook til arrangementet. Det var ei viktig nyvinning og eit godt skritt vidare i arbeidet med kommunikasjon og formidling av arrangementet.
7. Tilbakemeldingane er at dette er vel verdt bruk av tid, og at det gir mykje læring.
8. At Sogn regionråd dekkjer skulane sine kostnader til buss er eit viktig moment.
9. Det opplevast særskilt positivt at ordførarane deltek på messa. Både elevane og lærarane set ekstra stor pris på å få besøk av ordførarane i regionen. Det er stas å bli sett, og morosamt å få attendemeldingar og dialog med ordførarane!
10. Omdømmebygging av skulane og Sogn. Både før og etter messa var det solid og positiv omtale i media. Både Porten.no og Sogn Avis via mykje merksemd på messa. Det er viktig, både for elevane, lærarane, skulane og kommunane med positiv merksemd og god omdømmebygging.

Usemjje og forbettringspotensiale:

1. Det er eit vesentleg poeng å komme tidnok til messa. Det er ugreitt at skular kjem ein time etter opninga.
2. Informasjon har ofte vore ein gjengangar med minusteikn. Nokre er nøgde, medan andre synes informasjon kjem for seint ut.
3. Plassering av elevbedriftene i hallen. Denne gong vart elevbedriftene sett opp i to halvsirklar. Dei fleste fann dette positivt, medan andre synes dette var lite lurt.

Prosess

Etter fleire års røynsle har vi no ein god tradisjon med "dreieboka" for messa, og god klargjering av ansvar og oppgåver mellom Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og vertskommune. Prosessen til arbeidsgruppa for inneverande års messe har vore slik:

- 6. januar Oppstartsmøte
- 8. februar Første arbeidsmøte
- 1. mars Andre arbeidsmøte
- 15. mars Tredje arbeidsmøte
- 3. mai Fjerde arbeidsmøte
- 11.-12. mai Førebuing og gjennomføring av messa
- 26. mai Evalueringsmøte

Vi har alt i alt god grunn til å seie oss nøgde med messa i Årdal. Det er eit arbeidskrevjande og stort arrangement, og samstundes eit springbrett for skuleutviklinga i Sogn. Vi er godt førebudd til neste års messe i Høyanger, 4. mai.



Energi- og miljøkomiteen

Energimeldinga - Ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgift må halda fram

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande fråsegn til energimeldinga:

Sogn regionråd meiner at ordningane med konsesjonskraft og -avgifter må liggja fast slik at kommunane fortsatt får rett til å ta ut fysisk kraft og får rett på konsesjonsavgift. Konsesjonskraft er eit vederlag for å avstå verdifulle naturverdiar. Konsesjonsavgifter er ein kompensasjon for dei generelle miljømessige skader og ulemper miljø og lokalsamfunn blir påført ved å ta belastninga med større vasskraftanlegg i all framtid. Desse ordningane sikrar utbyggjande distrikt kompensasjon for avgjevne ressursar og andel av verdiskapinga.

Kommunane i Sogn regionråd vil be komiteen om å sikre følgjande i si handsaming av meldinga:

1. Stortinget bør sikre at ordningane med konsesjonskraft og –avgift vert vidareførde
2. Stortinget bør sikre at konsesjonskrafta framleis skal vera ein rett til å ta ut fysisk kraft, som kan omsetjast eller brukast i eigen verksemd.

Mandatet til ekspertgruppa som skal vurdere konsesjonskraft og -avgifter må avgrensast til å sjå på forenkling og modernisering, og ikkje opna for å fjerne eller svekke dei økonomiske ordningane.

Det vert elles vist til fråsegner frå kommunane i Sogn regionråd.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift